

### **Sak 20/20, Vedtak om dagskort for hjortejakt i Aurland statsallmenning:**

1. Aurland fjellstyre tilbyr sal av dagskort for hjortejakt i heile Nordheimsdalen frå og med 1. november til jaktslutt. Dersom det er ledig elgløyve per 1. november, kan dette inngå i tilbodet til dei som kjøper dagskort.
2. Tildelinga skjer etter søknad til Aurland fjellstyre, med søknadsfrist 1. oktober. Kun innanbygds søkjarar, men dei kan ta med seg utanbygds gjestejegerar. Det blir trekt ei varamannsliste som ein fylgjer.
3. Kwart jaktlag får tildelt like mange fellingsløyve for vaksne dyr/ungdyr som det er jegerar på laget, og kan i tillegg skyta kalvar.
4. Ein kan leiga ut til to jaktlag i veka, opptil 3 dagar på kvart lag. Dei fyrste 14 dagane kan fordelast på førehand , etter det skjer tildelinga etter kvart som det er ledige periodar og dyr att på fellingskvoten.
5. Viss ein jeger/ jaktlag ikkje tek imot tilbodet, går ein berre vidare på varamannslista.
6. Kwart jaktlag, v/jaktleiar, må skriva under jegerkontrakt med fjellstyret. Betaling av dagleige og underskriving av jegerkontrakt må skje før ein går i felt.
7. Viss det ikkje er att søkjarar på varamannslista og framleis ledige fellingsløyve, kan dei seljast med personleg oppmøte på fjellstyrekontoret .
8. Valdansvarleg må til ei kvar tid halda seg oppdatert på kven som er på jakt. Alle jaktlag må seia frå kva tid dei reiser ut på jakt, og gje melding når dei har avslutta jakta. Dette for å unngå uheldige episodar.

#### **PRISAR:**

Det vert fastsett ein pris for jakta på kr. 400 per dag + kr 100 for kvar tilleggsjeger. Kilopris for kjøtet er kr 63,- viss ein feller noko.